

SLETTA, AUGUST 2018

TIL

HEI, OG VELKOMMEN TIL SKULESTART PÅ AUSTEBYGD SKULE!




EG HÅPAR DU HAR HATT EIN FIN SOMMARFERIE – OG AT DU HAR BEGYNT Å GLEDA DEG TIL DEN FØRSTE ”ORDENTLEGE” SKULEDAGEN DIN SOM ELEV PÅ AUSTEBYGD SKULE!

KANSKJE DU BÅDE GLER DEG – OG KVIR DEG LITT TIL DENNE DAGEN? DET ER ALLTID SPENNANDE Å STARTA PÅ NOKO NYTT!

TORS DAG 16. AUGUST ER FØRSTE SKULEDAG I 2018/2019.


SKULEN BEGYNNER KL. 08.15 – OG ME STARTAR ALLE MED EI LITA SAMLING I LAG I GYMSALEN. FORELDRA DINE ER OGSÅ VELKOMNE TIL Å VERA MED!

ETTER SAMLINGA I GYMSALEN, GÅR DU OG DEI ANDRE ELEVANE TIL KLASSEROMMA SAMAN MED KONTAKTLÆRARANE.



SKULEDAGEN DIN SLUTTAR KL. 12.55. DE MÅ AVTALA HEIME OM DU VERT HENTA, ELLER SKAL TA BUSSEN HEIM.

DET VERT SKULEFRITIDSORDNING (SFO) FRÅ KL.12.55 FOR DEI SOM HAR MELDT SEG PÅ DENNE.



VEL MØTT TORS DAG 16. AUGUST!

ME PÅ SKULEN GLER OSS TIL Å MØTA DEG IGJEN!

BESTE HELSING

Vigdis Villanger
rektor